



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
184/20	Formannskapet	29.10.2020
086/20	Kommunestyret	05.11.2020

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 19/1412 - 16
-----------------------------	--------	---------------------------

Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2018 - 2021, revidering av handlingsplan

Kort samandrag

Kommunestyret vedtok Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2018 – 2021 i september 2018 og reviderte handlingsplanen i desember 2019. Handlingsplanen skal reviderast kvart år for å kunne leggjast til grunn i søknadar om trafikktryggleiksmidlar og for å forankre innspel til budsjett og økonomiplanarbeidet. Administrasjonen har fremlegg om å revidere handlingsplanen ved å berre endre årstal 1 år fram i tid for tiltak som ikkje er gjennomført, pga. etterslep på trafikktryggleikstiltaka.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek framlegg til revidert handlingsplan for *Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2018 – 2021* slik det ligg føre. Det vert innarbeida investeringspost for trafikktryggleikstiltak (til tiltak i tråd med trafikktryggleiksplanen) i budsjett for 2021 på 1,5 mill. Det skal søkast om Trafikktryggleiksmidlar for å få gjennomført tiltak i prioritert liste i handlingsplan.

29.10.2020 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-184/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til revidert handlingsplan for *Kommunedelplan for*

Trafikktryggleik 2018 – 2021 slik det ligg føre. Det vert innarbeida investeringspost for trafikktryggleikstiltak (til tiltak i tråd med trafikktryggleiksplanen) i budsjett for 2021 på 1,5 mill. Det skal søkast om Trafikktryggleiksmidlar for å få gjennomført tiltak i prioritert liste i handlingsplan.

05.11.2020 Kommunestyret

Det vert teke initiativ til forhandling med Vestland Fylkeskommune om samarbeid om planlegginga og finansieringsløyising for utbetring av fylkeskommunal veg på strekninga Hansekogen - Ofta.

Handsaming i møtet:

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

KS-086/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til revidert handlingsplan for *Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2018 – 2021* slik det ligg føre. Det vert innarbeida investeringspost for trafikktryggleikstiltak (til tiltak i tråd med trafikktryggleiksplanen) i budsjett for 2021 på 1,5 mill. Det skal søkast om Trafikktryggleiksmidlar for å få gjennomført tiltak i prioritert liste i handlingsplan.

Det vert teke initiativ til forhandling med Vestland Fylkeskommune om samarbeid om planlegginga og finansieringsløyising for utbetring av fylkeskommunal veg på strekninga Hansekogen - Ofta.

Vedlegg:

Framlegg revidert handlingsplan 2020

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova § 11

Saksutgreiing

Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med å førebyggja trafikkulukker. For å lukkast med trafikktryggleiksarbeidet, må det vera fokus på dette i alle sektorar i kommunen, og det må

vera forankra i den politiske og administrative leiinga. Det er også avgjerande med eit godt samspel mellom offentlege myndigheiter, frivillige organisasjonar og privatpersonar.

Trafikktryggleiksplanen skal bidra til å samordne og prioritere arbeidet, og styrke den kommunale innsatsen.

Vestland fylkeskommune løyver årleg midlar til ulike trafikktryggleikstiltak gjennom tilskotsordninga Trafikktryggleikstiltak i kommunane (TIK). Det er eit krav om at kommunane utarbeider trafikktryggleiksplanar og oppdaterer desse for å kunne søkje om trafikktryggleiksmidlar. Kommunen kan søkje om midlar til tiltak på kommunal veg og føreslå tiltak på fylkesvegnettet, i spesielle tilfelle også riksvegnettet. Ved søknad om fleire tiltak, må kommunen prioritere mellom tiltak.

Kommunen gjennomførde ein stor prosess med å lage ny *Kommunedelplan for*

Trafikktryggleik 2018 – 2021, og hadde då en omfattande medverknadsprosess etter

prosessreglane i Plan- og bygningslova. I tillegg vart det gjennomført drøftingar på

foreldremøter, presentasjon og drøfting i FAU på Lærdalsøyri skule og barnehage,

trafikktryggleiksmøte med Statens vegvesen og fylkeskommunen, møte med Trygg Trafikk

og fleire møter i Trafikktryggleiksgruppa for å koma fram til ferdig planframlegg. Planen vart vedteke i kommunestyret 19.09.2018. Som oppfølging av planen, vart det prosjektert eigen plan for området kring Lærdalsøyri skule/barnehage og Saltkjelen snuplass (for buss). Dette vart grunnlag for trafikktryggingsmidlar og andre tilskot frå Statens vegvesen i 2018/2019. Det vart og etablert fartsdemparar rundt om i kommunen. Handlingsplanen skal reviderast kvart år, og vart sist revidert i 12.12.2019.

Som oppfølging av Trafikktryggleiksplanen, skal kommunen no i gang med sertifiseringsordninga «Trafikksikker kommune» med oppstartsmøte i november 2020.

Administrasjonen har utarbeida framlegg til revidert handlingsplan, der einaste endring er at tiltaka som ikkje er gjennomført vert skyvd 1 år fram i tid. Dette er gjort i samråd med leiar i Trafikktryggleiksgruppa. Administrasjonen har ikkje henta inn nye innspel til revidering av handlingsdelen, då det vart gjort ein større runde på dette i fjor og året før, og fordi ein ikkje

har fått starta på tiltaka som skulle arbeidast med i 2020.

Økonomiske konsekvensar

Sjølv om kommunen søker om, og får TIK-midlar, må kommunen også stille med eigenandel til arbeidet. Det er viktig at det vert sett av nok midlar til trafikktryggleikstiltak i økonomi- og budsjettplan. Administrasjonen meiner det bør settast av 1,5 mill til trafikktryggleiksmidlar for 2021, og at denne summen bør aukast noko frå og med 2022. Kommunen har eit etterslep på trafikktryggleikstiltak, og det bør etter kvart gjerast større arbeid med fortausløyser, gatelys, og betre kryssløyser og snuplassar fleire stadar, spesielt på Lærdalsøyri og Borgund (jf. innspel til trafikktryggleiksplanen i 2018)

Vurdering

Arbeidet med slike tiltak/prosjekt i kommunen har teke noko lenger tid enn planlagt, i stor grad på grunn av manglande kapasitet i administrasjonen på teknisk eining pga. langtidssjukmeldingar i administrasjonen. Tiltaka som skulle vore ferdige i 2019/2020, har teke lenger tid, og er enno ikkje heilt ferdigstilte. Det har likevel vore gjort ein del godt arbeid med etterslep på byting av gatelys, asfaltering osv. Administrasjonen og Trafikktryggleiksgruppa har difor vore samde i å ikkje arbeide fram nye prosjekt i 2020 for å kome meir ajour og få avslutta tiltak som er starta opp, før nye tiltak vert sett i gang. Det har difor vore lite aktivitet i Trafikktryggleiksgruppa dette året, men gruppa tek opp att aktiviteten no for å førebu og planleggje tiltak og søknad om TIK-midlar for 2021 og vidare.

For å kunne søke om TIK-midlar for 2021/2022, må handlingsplanen i trafikktryggleiksplanen vera revidert. Det er og viktig å gjera årlege vurderingar om prioriteringar av tiltak, slik at dette samsvarar med prioriteringane gjort i økonomi- og budsjettarbeidet til kommunen. Administrasjonen har ikkje gjort andre endringar i framlegg til revidert handlingsplan enn å endre årstala slik at årstal er forskyvd eitt år fram i tid. Arbeidet med rullering av heile kommunedelplanen må startast opp i løpet av 2021, og ein vil då ta ein større prosess med innhenting av nye innspel til ny plan.